

## Referat styremøte i Rogaland bygdekvinnelag 25.06.24



### Saksliste:

**Sak 01/2024** Godkjenning av innkalling og sakliste  
Godkjende

**Sak 02/2024** Gjennomgang av referat frå førre styremøte  
Godkjent

### Sak 03/2024 Referatsaker:

**Ann Karin:** Har vore i kontakt med alle fem lokallaga;

**Heskestad:** Er eit aktivt lag med nettside, og dei brukar snap i styret. Dei arrangerer m.a. føremiddagstreff og samarbeider med kyrkja om komleservering og med idrettslaget. Dei vil gjerne samarbeida med 4H.

**Sirdal:** Har søkt om fire kurs i Nøysam (matsvinn, pallekarm med skulane, strikkekurs for ukrainske flyktningar og beredskap). Elles er dei opptatt av nettverksbygging sentralt (NBK).

**Bjerkreim:** Har kurs via Nøysam, og har arrangert Damenenes aften, tur til Mån og tur til Skjøllingstad uldvarefabrikk og Mandal. Elles er dei opptatt av medlemslister som ikkje blir oppdaterte så ofte som lokallaget ynskjer.

**Lund:** Er eit lite lag og det vert stor belastning på dei som er med, men dei planlegg komlekurs for dei ukrainske flyktningane, bærtur og kvinnekveld med sexolog. Dei har nettopp hatt stand på Treskofestivalen der dei fokuserte på verving. Å bli medlem krev mykje informasjon, og dei stiller spørsmål ved om det bryt med personvernet at andre fyller inn informasjonen. Det går an å ha ein verve-Ipad eller vera ved sida av for å hjelpa om det trengs. Dei ynskjer ein enkel foldar/vegvisar/rettlear med informasjon.

**Helleland:** Har vore på besøk i arboretet og på alle avdelingar hos Fatland Jæren på Hommersåk. Elles arrangerer dei basar, har haustfest og hausttakkefest til Sambolabo, og planlegg å laga krans og ha juleverkstad.

**Åse-Berit:** Har delt ut tre rull opp-ar, og må etterlysa faktura.

**Rita:** Har snakka med to lokallag sidan sist;

**Gjesdal:** Dei skal laga sivsko v/Åse Søyland (Nøysam). På lokallagssamlinga ynskjer dei å dela erfaringar, felles organisasjonsarbeid/kurs m/mingling etterpå i grupper, t.d. sekretær. Elles ynskjer dei meir samarbeid innad i sona; kurs, føredrag, erfaringsdeling. Dei fann ikkje styremøtereferata. Til slutt tilbyr dei å dela erfaringar og tips til neste årsmøtearrangør.

**Sandnes:** På lokallagssamlinga ynskjer dei organisasjonsarbeid, mingling og meir om teknologi/sosiale medium. Dei syntest referata frå RBK var framragande når dei endeleg fann dei. Elles planlegg dei Nøysam-kurs i 2025, har hatt to styremøte og har komité for Farmendagen og 100-årsjubileum.

**Astrid:** Har snakka med Time og Klepp når det gjeld jubileumsfesten, og vil snakka med Nærbø og informera om at NBK-leiaren kjem på hundreårsmarkeringa.

**Margrete:** Hjelmeland har sendt ut SMS til dei som ikkje hadde betalt etter at NBK meinte dei hadde sendt ut 2. gongs purring, og dei fleste betalte, medan nokre melde seg ut. Marie Aaslie ynskjer alle lokallag skal senda ut påminning om kontingent, samt dei som melder seg inn om hausten når det er gratis, men då er det viktig at NBK oppdaterer informasjonen fortløpande.

**Valborg:** Suldal skal servera mat på ein marknadsdag på olsok, arrangerer småturar på våren og hausten, og har vore på tur til Bekkjarvik og Austevoll.

**Rogaland bygdeungdomslag v/Amalie:** Gjesdal BU har arrangert sommarstemne og takkar alle som har vore med på dugnaden. Rogaland BU takkar for teltstøtta, og planlegg landsstemnet med årsmøte. Der skal det opp i sak om kva midlar som kan nytast til kva, for dei endra frifond-reglane slår negativt ut for fleire lokallag.

**4H v/Ann Karin:** Har vore på styremøte. Der er friluftslivets år i 2025, og dei ynskjer innspel på friluftaktivitetar, men mat på bål vart for keisamt. Dei ynskjer å trekkja inn lokallaga i bygdekvinnelaget, men korleis? Informer lokallaga, sjekk nettsida til 4H, og ta ev. kontakt m/Hege Reime. Skogstjerna (Lund) er 50 år i år og Soldogg (Bore) 40 år.

**Studieforbundet v/Rita:** Ho har fått innkalling til fylkesleddsamling 20.-22. september, Rogaland kan senda to representantar, og Ann Karin og ei til reiser.

#### **Vedtak:**

- a) Skrivaren sender ut referatet til lokallagsleiarane og legg det på heimesida.
- b) Det reiser to representantar frå styret til Studieforbundet kultur og tradisjon sin fylkesleddsamling.

#### **Sak 04/2024 Økonomioversikt**

Det er dyrt å la eit rekneskapslag gjera heile jobben med økonomien. Det, blanda med litt frustrasjon, gjorde at etter nøyte vurdering sende leiarane ein e-post til Gro Mabel der dei ba om å få overta økonomistyringa. Rekneskapslaget vil gjera den jobben som må til for at me ikkje treng revisor. Ingrid har fått tilgang til programmet og skal få tilgang til Sparebank 1. Dette gjer me for å spara pengar og for at styret skal ha oversikt til ei kvar tid.

**Vedtak:** Ingrid får tillit til å vera ansvarleg for økonomien ut arbeidsåret, og me legg fram ny sak på årsmøtet, der ein nok må velja kasserar att.

#### **Sak 05/2024 Oppfølging av lokallaga**

Ingrid vil senda ut viktig informasjon til lokallaga med datoar, momskompensasjon, verveveker, årsmøtet, rapporteringar, tiltaksstøttesøknad i eigen kommune + kontaklinformasjon til styret, NYE reglar for styret og 4H. Sjå elles sak 03/2024.

Momskompensasjon: Ein må vera registrert i frivillighetsregisteret og Brønnøysund for å kunna søkja, men det er veldig mykje enklare enn ein trur!

#### **Sak 06/2024 Arbeidsplan 2024/2025**

Gjekk gjennom, og skal laga ei ny (arbeids)kolonne med kva som blir gjort.

**Vedtak:** Leiarane og nestleiar får fullmakt til å ta avgjerder raskt når det er naudsynt.

### **Sak 07/2024 Nettstad, Facebook og kommunikasjon**

Bruk nettsida aktivt, for det fungerer som ei dagbok, og del med RBK + link til Facebook. Åse-Berit sjekkar med Helle om betaling og korleis bli superbrukar.

### **Sak 15/2024 Landsmøtet i Ålesund 7.-8. juni 2024**

Ei oppsummering: Møtet var ryddig med gode ordstyrarar, Tone Østtveit Kvinen presentert saka, og Ann Karin gav støtteerklæring. Dei fleste forslaga gjekk i favør styret, men det var ei god oppleving og ein fekk fronta sine synspunkt. 23 av 90 for endra kontingent, og dette gjev ein signaleffekt til lokallaga. Nokon var overraska over at denne saka engasjerte meir enn generaldebatten. Det var veldig mange dei same som var på talarstolen heile tida.

Det vart bestemt nye reglar for kor lenge ein kan sitja i styret, og dette må me informera lokallaga om. Leiar kan sitja seks (6) år samanhengande, og andre i styret kan sitja i åtte (8) år samanhengande.

### **Sak 17/2024 Evaluering av årsmøtet 2024**

- gjennomgang av questback
- læringspunkt til årsmøtet 2025:
  - opplæring av ordstyrarane m/vedtekter
  - bord fremst/på scenen
  - faste plassar og på rekke
  - evaluering rett etterpå. Sjekk at alle får e-post!

### **Sak 19/2024 Årsmøte 2025- 21.-22. mars 2025**

Nordsida av Boknafjorden; Me har henta inn tilbud frå Quality Hotel Maritim, Thon Partner Hotel Saga, Scandic Haugesund og Park Inn by Radisson Haugesund Airport, og takkar ja til det sistnemnde.

Skjold og Imsland har ansvar for årsmøtet, og Skjold ynskjer at eit anna lag tar ansvar for sonemøtet i 2025, slik at dei ikkje får to store arrangement saamstundes. Det avtalar berre laga i sona.

### **Sak 20/2024 Lokallagssamling hausten 2024 - 26. oktober 2024 kl. 09.00-16.30**

- ein eller to dagar, med nettverksbygging og kurs
- kor? Stavanger er midt i, Kafe Jærbuen og Finnøy (Utsyn misjonscenter), Judaberg, Tou, Vindafjord, Ryfylkekokken/Landahuset
- ei samling i nord og ei i sør
- leiga kommunalt lokale billeg, elevar frå restaurant og matfag står for maten
- TA MED PC!

RBK betalar for leiaren i lokallaget, sjå retningsliner, medan lokallaga dekkjer reiseutgifter og fleire deltakarar

#### **Innhald**

- innleiing om bygdekvinnelaget
- organisasjonsskule v/RBU: - styrearbeid - kva inneber det? Forventingar, roller, korleis få eit styre til å fungera (felles introduksjon, rullera i grupper etterpå - kafedialog delt vilkårleg)
- sosiale medium/heimeside
- verving
- økonomi - idear til inntekts ervervelse
- aktivitetar

Postadresse:

Postboks 278 Sentrum  
2002 Stavanger

Besøksadresse:

Felleskjøpet RA  
Sandvikveien 21

Telefon og e-post:

51887270  
[rogaland.bygdekvinnelag@gmail.com](mailto:rogaland.bygdekvinnelag@gmail.com)

Bankgiro:

3201 05 02275

Foretaksnr:

975658848

- erfaringsdeling/godt nytt
- innlegg om kvinnehelse
- Nøysam 2025
- Studieforbundet kultur og tradisjon
- momskompensasjon

**Vedtak:** Lokallagssamlinga blir ein dag, laurdag 26.10.24, på Utsyn misjonscenter.

**Sak 21/2024 Reiserekning**

- fyll ut for styremøta to gonger i året; november/desember  
juni

**Nytt møte:** 20. august kl. 16.30

Åse-Berit Fidjeland  
skrivar/nestleiar